

# ÅRSMELDING FOR KYSTGEITLAGET I SELJE 2015.

Styret har i 2015 vore samansett slik:

Helge Borgund	leiar, på val	
Åge Ervik	nestleiar	
Kjetil Friberg	kasserar, på val	
Geir Ole Ervik	skrivar, på val	
Per Atle Andreassen	styremedlem	
Sidsel Otnes	1. vara, på val	
Miriam Friberg	2. vara, på val	
Svein Per Ervik	revisor, på val	
Anne Grete Ervik og Fredrik Borgund	valnemd	

I 2015 har det vore 4 styremøter der ein har handsama 9 saker.

Som kjent har styret som målsetting å kome rundt til alle besetningar for å høyre om drifta og sjå korleis den enkelte har det. Det vart slik befaring til nokre besetningar også denne våren. Korleis vi driv er sjølvstøtt på mange ulike måtar. Nokon har alt på stell og tek både dyrehaldet og avlen svært alvorleg, men vi ser også at det ikkje er som det skal alle stader. Det er særleg reglane i bukkeringen som ikkje vert heilt overhaldne. Ein har observert at det førekjem store bukkkje som ikkje er kasterte og likevel går dei i lag med geiteflokket. Dermed kan ein ikkje dokumentere kva bukk kjea stammar frå. Faren for at det vert sett på kje med innavl er dermed stor. Dette har dei fleste av oss arbeidd alvorleg og systematisk med for å unngå. Alle som er med i bukkeringen veit kva reglar som gjeld og det har vi alle skrivne under på. Styret vil med dette presisere at det skal kun vere ein avlsbukk, to i dei største besetningane. Ingen bukkar av eiga besetning skal kunne pare. Er det bukkar som er fødte ute og som ikkje vert kasterte, må eigar setje alt inn på å få skyte dei. Dette er særst viktig dersom vi skal behalde det gode ryktet til Kystgeita.

6. og 7. mai var 10 personar frå Oslo på besøk for eit prosjekt om å innføre Kystgeit til Oslo. Dei var i Ervik og åt lunsj på Gardsmat og fekk orientering. Så var det tur ut i Revjehornet og såg på geitene der. Om kvelden var nokre frå styret med på middag og møte på Selje hotel. Dagen etter var det til Ervik att med tur på Hovden. Vi har ikkje høyrte meir i frå dei, så ein veit ikkje korleis det går med det prosjektet.

8. juni var tre frå styret på møte på Eid med representantar frå Fylkesmannen, Mattilsynet og Norsk Genressurscenter. På møtet vart det diskutert kva utfordringar ein har med å ta vare på Kystgeitstammen og kva som kan gjerast for om mogeleg å utvide den.

Ein av dei største utfordringane er manglande, eller dårlege gjerder mange stader. Dette med gjerdehald meinte Fylkesmannen at det er noko dei kan hjelpe til med.

Som ei oppfyljing av møtet som var den 8. juni, kom tre representantar frå Fylkesmannen på eit møte i Ervik den 18. august. Kristian Nave frå kommunen var også med. No var det særleg fokus på dette med gjerdehald, eller heller der det er dårleg gjerdehald.

Det som kom ut av dette andre møtet var at det vart bestemt å danne ei gjerdegruppe med representantar frå alle faglaga, kommunen og Fylkesmannen. Ein kunne søke om tilskot for å løne ein sekretær/dagleg leiar av prosjektet. Dette vart gjort og Fylkesmannen løyvde kr. 50.000,- til dette føremålet.

Den 17. september var alle faglaga samla til møte for å velje gjerdegruppe. Vigdis Bakkebø vart «tilsett» som sekretær. Samstundes representerer ho Bondelaget i gruppa. Elles er Miriam Friberg med frå Sau og Geit, Geir Ole Ervik frå Stadt sankelag og Helge Borgund frå Kystgeitlaget. Kristian Nave er med frå Kommunen og Trude Knagenhjelm frå Fylkesmannen.

Det har vore to vandringar ute i terrenget. Fyrst på Drage og så på Fløde. Meininga er at det skal vere befarung i heile kommunen og at ein kan kome ut med ei beitebruksplan seinare.

12. august var heile styret på tur til Bremanger på markvandring for å sjå på gjenvekst etter lyngsviing. Det var Landbruksrådgevinga som sto som tilskipar. Det var veldig lærerikt og interessant. Vi fekk orientering om kva vi skulle sjå etter av gjenvekst. Ein ser at det er om lag same gjenveksten her hjå oss som det som var i Bremanger.

Kystgeitlaget var medarrangør på eit temamøte om hund, beitedyr og bandtvang den 23. april på Furebuda. Foredragshaldarar var Knut Broberg som er aversjonsinstruktør i Sogn og Fjordane jeger- og fiskeforening og fungerande lensmann i Selje Thor Sæter. 25 personar møtte opp.

Kystgeitlaget var også medarrangør på den årlege vær/bukkesamlinga i Ervik i oktober.

Det er mange rundt om i landet som vil kjøpe geiter hos oss. Nokon for å få nytt blod i sine flokkar og nokon for å starte opp frå botnen. Det er av ulike grunnar dei vil ha Kystgeit, men dei fleste seier dei vil vere med på å ta i vare ein trua rase og nokon seier dei trur dette er ein meir hardfør rase enn melkegeiter.

Problemet er at det går att nokre dyr på fjellet som ikkje er dokumentert friske. Før desse dyra anten er avliva eller teke blodprøver av, vil ikkje Mattilsynet friskmelde populasjonen i Selje kommune. Dei vil såleis ikkje tilrå nokon å kjøpe dyr herifrå.

Det er med andre ord ein del arbeidsoppgåver framover.

For styret i Kystgeitlaget

Helge Borgund  
Stadlandet 02.03.2016.